

KARMØY KOMMUNE

Deres ref.:

Vår ref.:
23/2284-1Saksbehandler:
DOEDato:
07.12.2023

Informasjon om tilgjengelighetserklæring for mobilapplikasjoner

På tide å oppdatere tilgjengelegheitserklæring

Alle verksemder i offentlig sektor skal ha ei tilgjengelegheitserklæring på plass for sine nettstader og mobilapplikasjonar (appar). For nettstadar var fristen 1. februar 2023. Tilgjengelegheitserklæringa skal oppdaterast minst årleg, og ved større endringar i løysinga. Det skal ikkje gå meir enn 12 månadar mellom kvar oppdatering. Det betyr at de snart må oppdatere dei tilgjengelegheitserklæringane som de oppretta tidleg i 2023, dersom de ikkje allereie har gjort det.

No skal også appar ha tilgjengelegheitserklæring

Som eit utgangspunkt skal alle appar som offentlege verksemder bruker for å tilby informasjon og tenester til innbyggjarar, ha ei tilgjengelegheitserklæring. Føresetnadane er at appen er knytt til verksemda si alminnelege funksjon, og at det er ei hovudløysing for verksemda. Det er enkelte unntak frå kravet om tilgjengelegheitserklæring. [Kva appar som skal ha tilgjengelegheitserklæring, kan de lese meir om på våre nettsider.](#)

Fristen for å opprette tilgjengelegheitserklæring for appar er 1. februar 2024. Tilgjengelegheitserklæringane skal opprettast på www.uustatus.no.

Få oversikt over appane i verksemda

Vi tilrår at de i første omgang skaffar dykk oversikt over dei appane verksemda er ansvarleg for, og deretter prioriterer å lage tilgjengelegheitserklæring for appar som de i stor grad eller heilt har utvikla sjølv. Tilsynet for universell utforming av ikt (Uu-tilsynet) vil ikkje kontrollere om verksemdene utarbeider og publiserer tilgjengelegheitserklæring for appar i 2024.

Leverandørportal for tredjepartsappar

Tilsynet vil i 2024 utvide uustatus.no med ein leverandørportal. Leverandørportalen vil gjere det mogleg for leverandørar av ikt-løysingar å legge inn informasjon direkte i uustatus.no, slik at offentlege verksemder kan bruke denne informasjonen til å lage tilgjengelegheitserklæringar. Vi tilrår derfor at de ventar med å lage tilgjengelegheitserklæring for appar som heilt eller i stor grad er utvikla av eksterne leverandørar.

Logg på uustatus.no for oppdatering og oppretting

For å logge på www.uustatus.no brukar de organisasjonsnummer og PIN-kode:
Organisasjonsnummer: 940791901
PIN-kode: 0169

Les [meir om tilgjengelighetserklæringa på våre nettsider.](#)

Med venleg helsing

Dag Ove Eggum
produkteigar for tilgjengelegheitserklæringa